

MØTEPROTOKOLL

Utval: Setesdal Regionråd - Styre
Møtestad: Evjemoen kino & scene
Dato: 23.06.2021
Tid: 09:30 - 11:45

Faste medlem som møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	ÅSERAL KOMMUNE
Jan Arild Bjørndal	Medlem	ÅSERAL KOMMUNE
Svein Arne Haugen	Medlem	E OG H KOMMUNE
Sigbjørn Åge Fossdal	Nestleder	BYGLAND KOMMUNE
Jon Rolf Næss	Medlem	BYKLE KOMMUNE
Steinar Kyrvestad	Leder	VALLE KOMMUNE
Margit Dale	Medlem	VALLE KOMMUNE
Britt Ingrid Andersen	Medlem	E OG H KOMMUNE

Varamedlem som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
May Britt Stenjør	Anne Eikerapen	BYGLAND KOMMUNE

Andre som møte:

Namn	Stilling
Gunn Marith Homme	utvalssekretær
Rita Hansen	Dagleg leiar
Roy Bakke	Visit Setesdal/reiseliv
Kristin Tofte Andresen	Fylkesdirektør næring, kultur og kulturminnevern, Agder fylkeskommune
Karina Sloth Grindland	Kommunedirektør Bykle kommune
Aud Sunniva Fuhr	Kommunedirektør Valle kommune
Frantz Are Nilsen	Kommunedirektør Evje og Hornnes kommune
Dagne Kristi Ropstad	kommunalsjef Åseral kommune
Bjørn Alfred Ropstad	

Steinar Kyrvestad
leiar

Gunn Marith Homme
utvalssekretær

Saksnummer

Innhald

PS 43/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 44/21	Styrelleiar orienterar
PS 45/21	Dagleg leiar orienterar
PS 46/21	Leiar rådmannsutvalet orienterar

PS 47/21	Fylkeskommunen orienterar
PS 48/21	Referatsaker
RS 18/21	Referat fra styringsgruppemøte 26.05.2021
RS 19/21	Møtereferat og presentasjon fra forrige møte + tema til neste ukes møte
RS 20/21	Møtereferat møte 020621 med vedlegg + diverse informasjon
RS 21/21	Ordførarutval - møtereferat 15. april 2021
RS 22/21	Møtereferat ordførarutval 100521 + forslag til sakliste ordførermøte onsdag
RS 23/21	Referat KU mai 21
RS 24/21	Kort oppsummering/referat fra fellesmøtet - regionrådene
RS 25/21	Regional plan Setesdal - oppstart
RS 26/21	Møte vdr Bjoren
RS 27/21	Dialogmøte - desentraliserte etter- og vidareutdanningstilbod
RS 28/21	Invitasjon om regionalpolitisk samarbeid for karbonfangst på Returkraft
RS 29/21	By-Nett sør - kan bli kommunenettnettverk-Sør!
PS 49/21	Delegerte saker
DS 12/21	Svar på søknad - Smaken av Setesdal
DS 13/21	Svar på søknad - oppstart av bedrift Gruva Opplevelser fase 1
DS 14/21	Svar på søknad om stønad til nydyrking - Austistog gardsdrift
PS 50/21	Drøfting/orienteringsaker
DR 1/21	Uttale vedrørende fødetilbodet ved Sørlandet sykehus HF
PS 51/21	Orientering ymse repr / utval
PS 52/21	Førespurnader
PS 53/21	Budsjettjustering 2021
PS 54/21	Samarbeidsavtale - Setesdal interkommunalt politisk råd
PS 55/21	Søknad om støtte til ISO-sertifisering - Vittali Industriservice AS
PS 56/21	Søknad mulighetsstudie Landesbogen

PS 43/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Innkalling og sakliste vert samrøystes godkjent.

Sigbjørn Åge Fossdal og May Britt Stenjør vert samrøystes valde til å godkjenne protokollen.

PS 44/21 Styreleiar orienterar

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Framlegg frå styreleiar:

Sal av aksjar til dei tilsette i Setesdal Bilruiter L/L.(SB L/L)

Vi vedtok i styremøte 11.06.21 at SIPR sine aksjar i SB L/L kunne seljast til dei tilsette.

Styret vedtok ein tidsavgrensa forkjepsrett til aksjane for SIPR, om aksjane kom for sal. Dette synes dei tilsette var urimeleg. Leiar og nestleiar i SIPR som forhandla, var einige i at ein tidsavgrensa forkjepsrett var urimeleg.

Med dette som grunngeving ønskje leiar og nestleiar i SIPR fullmakt frå styret til å kunne inngå avtale med dei tilsette, der SIPR sin forkjepsrett til gjennkjøp av aksjane vert avgrensa til 5 år, om aksjane vert selde. Prisen for å nytte forkjepsretten vert sett til kr 1500,-. Same som salssummen.

Svein Arne Haugen ber styret be styret å vurdere sin habilitet då han er styreleiar i LL Setesdal Bilruter . Svein arne Haugen vert samrøystes funne ugild til å handsame saka og forlot plassen.

Styret gjev styreleiar og nestleiar samrøystes fullmakt til å forhandle med dei vilkåra som er skildra ovanfor.

Framlegg frå styreleiar:

Førespurnad frå Vest Telmarkrådet om felles styremøte/besøk

Er det greitt for styret at det arbeidast vidare med felles styremøte/besøk til Vest Telemarkrådet i løpet av oktober.

Møte vert lagd til Dalen, Tokke.

Styret er samd i at det vert felles styremøte/besøk til Vest Telemarkrådet i løpet av oktober.

PS 45/21 Dagleg leiar orienterar

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

- Årsmelding i profilerte former under produksjon
- Desentralisert sjukepleieutdanning hausten 2021: blir **ikkje** satt i gang
- Reiseliv – ferie
- Setesdal næringsforum – status
- Arrangementsstøtte
- Nærings- og attraktivitetsanalyse for region Setesdal fra Telemarksforskning
- Regional plan for Setesdal – førebunde dialogsamling i månadsskiftet januar/februar 2022
- Birgit Harstad Homme byrjar 1. august
- Neste styremøte 22. september
- Felles styremøte med Vest-Telemarkrådet hausten 2021

PS 46/21 Leiar rådmannsutvalet orienterar

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

- Mandat for næringsforum. Viktig at næringsforumet finn sin sin plass.
- UNESCO - setesdalsfolk, status. Positivt med støtte frå fylkeskommunen i høve kjøpe av hardingfeler.
- IKT Setesdal. Evaluering og prøses i høve val av ny leverandør.
- Spannande samarbeid med UIA - samarbeid om eit forprosjekt
- Vannforvaltningakoordinator . 100% stilling i Otra - ynskjer ei slik stilling lokalisert i bygland-
- Oppvekstreform og status setesdal barnevern. Det skal vere arbeidsmøte i høve oppvekstreforma der Evje og Hornnes og Åseral kommunar er invitert.
- Arkivplanane i kommunane bør oppdaterast og det skal startast opp eit arbeid i høve dette.
- Jobbar også med klimavennleg anskaffing. Kjem orientering om dette på neste møte i september.

PS 47/21 Fylkeskommunen orienterar

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Fylkesvaraordførar Bjørn Ropstad orienterte;

- Handlingsplan regionplan 2030
- UNESCO
- Setesdalstunet - skal sak opp om dette i fylkestinget.
- Bygging av nytt fylkeshus - ekstramøte 6. juli i fylkesutvalet for å handsame denne saka.

Rådgjevar Kristin Tofte Andresen orienterte .

- Regional samhandlingsplan
- Regional virkemiddelgjennomgang
- Skal på turne rundt i kommunane for å bli kjent med næringsarbeidet og bedrifter.

PS 48/21 Referatsaker

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Referatsakene vart teke til orientering.

RS 18/21 Referat fra styringsgruppemøte 26.05.2021

RS 19/21 Møtereferat og presentasjon fra forrige møte + tema til neste ukes møte

RS 20/21 Møtereferat møte 020621 med vedlegg + diverse informasjon

RS 21/21 Ordførarutval - møtereferat 15. april 2021

RS 22/21 Møtereferat ordførarutval 100521 + forslag til saksliste ordførermøte onsdag

RS 23/21 Referat KU mai 21

RS 24/21 Kort oppsummering/referat fra fellesmøtet - regionrådene
RS 25/21 Regional plan Setesdal - oppstart
RS 26/21 Møte vdr Bjoren
RS 27/21 Dialogmøte - desentraliserte etter- og vidareutdanningstilbod
RS 28/21 Invitasjon om regionalpolitisk samarbeid for karbonfangst på Returkraft
RS 29/21 By-Nett sør - kan bli kommunenettverk-Sør!
PS 49/21 Delegerte saker

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Delegerte saker vart teke til orientering.

DS 12/21 Svar på søknad - Smaken av Setesdal
DS 13/21 Svar på søknad - oppstart av bedrift Gruva Opplevelser fase 1
DS 14/21 Svar på søknad om stønad til nydyrking - Austistog gardsdrift
PS 50/21 Drøfting/orienteringssaker

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Innovasjonspartnerskap v/ Marit Svindland Prosjektleder Innovasjonspartnerskap Velferdsteknologi Agder

Kulturarvturisme i Setesdal/RISS-prosjektet v/ Karianne Ormseth Egde Consulting

Grønn satsing – Bygland kommune/KVS Bygland v/styreleiar KVS heiter Gabriel Pollestad og John Sigridnes, Bygland kommune

Kompetansepilotprosjektet v/Siv Hemsett, prosjektleiar Agder fylkeskommune

DR 1/21 Uttale vedrørende fødetilbodet ved Sørlandet sykehus HF
PS 51/21 Orientering ymse repr / utval

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Ingen orientering.

PS 52/21 Førespurnader

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Ingen førespurnader.

PS 53/21 Budsjettjustering 2021

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Handsaming:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:
Budsjettjusteringar og omdisponeringar mellom ansvar innafor budsjett vert godkjent.

Dagleg leiar tilrår:

Budsjettjusteringar og omdisponeringar mellom ansvar innafor budsjett vert godkjent.
PS 54/21 Samarbeidsavtale - Setesdal interkommunalt politisk råd

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Handsaming:
Tilrdåinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:
1.Forslag til ny samarbeidsavtale vert lagt fram for kommunestyra for godkjenning.
2.Under føresetnad av godkjenning av samarbeidsavtalen i dei einsskilde kommunestyra, vedtek representantskapet i Setesdal IPR å utnemne ordføraren i dei deltakande kommunane til ordførarutvalet.

Dagleg leiar tilrår:

1. Forslag til ny samarbeidsavtale vert lagt fram for kommunestyra for godkjenning.
2. Under føresetnad av godkjenning av samarbeidsavtalen i dei einsskilde kommunestyra, vedtek representantskapet i Setesdal IPR å utnemne ordføraren i dei deltakande kommunane til ordførarutvalet.

PS 55/21 Søknad om støtte til ISO-sertifisering - Vittali Industriservice AS

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Handsaming:
Tilrådinga vart samrøsytes vedteke.

Vedtak:
Styret i Setesdal interkommunalt politisk råd løyver kr 150 000,- til ISO-sertifisering av verksemda Vittali Industriservice AS. Midlane vert løyvd på ordinære vilkår og hentast frå 5303, regionalt næringsfond.

Dagleg leiar tilrår:

Styret i Setesdal interkommunalt politisk råd løyver kr 150 000,- til ISO-sertifisering av verksemda Vittali Industriservice AS. Midlane vert løyvd på ordinære vilkår og hentast frå 5303, regionalt næringsfond.

PS 56/21 Søknad mulighetsstudie Landeskogen

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 23.06.2021

Handsaming:

Sigbjørn Åge Fossdal ber styret vurdere hans habilitet då han har vore med i ei styringsgruppe i denne saka og blir med i porsjektet vidare.

Sigbjørn Åge Fossdal vert samrøystes funne ugild og forlot plassen.

Alternativt framlegg frå May Britt Stenjør :

Landeskogen Peace center får innvilga søknaden på kr. 300 000,- som omsøkt.

Alternativ røysting:

Tilrådinga fekk 7 røyster og framlegget fekk ei røyst frå May Britt Stenjør.

Vedtak:

Styret i Setesdal interkommunalt politisk råd løyver kr 100 000,- til mogelegheitstudien «mobilisering til nye næringer og attraktive næringer i og rundt Landeskogen Peace Center». Løyvinga vert ytt på vanlege vilkår, og midlane hentast frå ledig ramme 5000.

Dagleg leiar tilrår:

Styret i Setesdal interkommunalt politisk råd løyver kr 100 000,- til mogelegheitstudien «mobilisering til nye næringer og attraktive næringer i og rundt Landeskogen Peace Center». Løyvinga vert ytt på vanlege vilkår, og midlane hentast frå ledig ramme 5000.